



Rolf Hjelmtveit
Furumarka 14
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2681 - 15/24038

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
30.06.2015

Gbnr 137/284 Alver. Løyve til å dele frå to festetomter.

Eigedom: Gnr.137 bnr.284 Alver.
Adresse for eiged.: Buhaugen, 5911 Alversund
Type tiltak: deling av grunneigedom, to eksisterande festetomter
Heimelshavar: Rolf Hjelmtveit m. fl.
Søker: Rolf Hjelmtveit m. fl.

Saka gjeld:

Tiltakshavar eig 137/284. Dette er ein teig som høyrer til gnr.137 bnr.17, som er eit lite gardsbruk med samla areal 82da og eit fulldyrka areal på 10da og 10da innmarksbeite. Areala er i drift.

137/284 er eit område regulert til bustadfelt heilt nord i Alvermarka. Buhaugen er del av dette feltet. Heile 137/284 er i gardskartet synt som vegar og anna felles areal i bustadfeltet. Samla areal er 7,2da.

Det er søkt om å få dele frå to eksisterande festetomter som alt er bygd med bustadhus. Feste nr.3 har eit areal på 1277m² og feste nr.5 har eit areal på 1099m².

Plansituasjon/dispensasjonar:

Bustadtomtene er del av godkjend reguleringsplan. Deling er i samsvar med reguleringsplanen. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Tomtene er regulert og bygd ut i samsvar med plan. Tiltaket no gjeld frådelling av eksisterande tomter, veg, vatn og avløp vert ikkje endra.

Nabovarsel:

Tiltaket medfører ingen endringar som krev nabovarsel.

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå feste nr.3 på 1277m2 og feste nr.5 på 1099m2, av gnr.137 bnr.284. Delinga er i samsvar med søknad motteke i kommunen 28.06.2015.

Delinga er i samsvar med godkjend plan.

Grunngjeving for vedtaket – pbl. §20-1:

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan.

Det gjeld frådeling av to eksisterande festetomter. Tomtene er bygget på og er i samsvar med godkjend reguleringsplan. Det oppstår såleis ikkje tilhøve som er i strid med lova eller gjeldande planar.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf., pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015 vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan kr.3400,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Rolf Hjelmtveit

Furumarka 14 5911

ALVERSUND